Statens vegvesen

Alversund Maskinstasjon
v/ Ove Myking
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Kari Elster Moen - 55516115 | 2014/053474-010 | | 22.05.2015 |

## Godkjenning av avkøyrsle - gnr 45 bnr 6 - Sletten - Lindås

Vi syner til melding om ferdigstilt avkøyrsle datert 15.05.2015.
Vi var på synfaring på staden 19.05.2015 og kunne sjå at avkøyrsla var opparbeidd slik vi stilte krav om i vårt førehandstilsegn datert 23.03.2015.

Med heimel i Veglova §§ 40-43 godkjenner vi avkøyrsla frå fylkesveg 399 hp 1 ved km 2,874 til eigedomen gnr. 45 bnr. 6 på Sletten i Lindås kommune. Følgjande vilkår gjeld for godkjenninga:

1. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor, og i høve godkjent skisse sendt ut i vårt brev datert 23.03.2015.
2. Løyvet gjeld berre for bruk av avkøyrsle til følgjande føremål: Tilkomst til einebustad.
3. Løyvet fell bort dersom avkøyrsla ikkje er teke i bruk til nemnde føremål innan 3 år frå datoen på dette brevet.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 100 meter til begge sider av køyrebana. Vegetasjon og terreng o.l. i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
5. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
6. Avkjørsla må har tilfredsstillande drenering slik at vatnet ikkje renn ut i fylkesvegen. Entreprenøren må sjå til at dreneringstilhøva i avkjørsla elles er tilfredsstillande.
7. Brukar/eigar må til ei kvar tid halde avkøyrsla i den stand det er sett krav til i vilkåra.

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi: Randi Slætten Flesland
Lindås kommune
Vedlegg: Skisse og kart


| Postadresse | Telefon: 02030 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | Telefaks: 57 65 59 86 | Spelhaugen 12 | Statens vegvesen |
| Region vest | firmapost-vest@vegvesen.no | 5147 FYLLINGSDALEN | Landsdekkende regnskap |
| Askedalen 4 | | | |
| 6863 Leikanger | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |
| | | | Telefon: |
| | | | Telefaks: |

Vedlegg:

## PRINSIPPSKISSE




Tilsvarande siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

**Prinsippskisse over stigning i avkjørsel, jamfør punkt 5 i vedtaket:**

## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:






Situasjonskart gnr. 45 bnr. 6 Sletten i Lindås
Vedlegg til førehandstilsegn
Siktsoner
23.03.2015
Målestokk 1:1000
Statens vegvesen